



Sak 33-23

Betalingsatsar ved levering til miljøstasjonane 2024

Oppretting av betalingsatsar for tenester knytt til eigedomsopplysningar

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek slike leveringsvilkår for 2024 for avfall som vert levert av private til miljøstasjonane. Alle prisane er inkl. mva.

1. Følgande fraksjonar kan leverast gratis til miljøstasjonen i Hovden:
 - a. Papir og papp
 - b. Metall
 - c. Hageavfall (*føresett reint og utan framande artar*)
 - d. Farleg avfall
 - e. Elektrisk avfall
 - f. Tekstilar
 - g. Impregnert trevirke (kresot eller CCA / CA)
 - h. Asbest
 - i. Dekk utan felg

2. For miljøstasjonen i Hovden gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON HOVDEN	Eining	Pris 2023 kr	Pris 2024, kr
Minstepris	stk	75,-	80,-
- restavfall 0-20 kg			
- trevirke 0-30 kg			
Brennbart restavfall	kg	2,70	3,00
Ikkje-brennbart restavfall (keramikk, porselen, glas)	kg	2,70	3,00
Isolasjon og gips	Kg	2,70	3,00
Dekk med felg	Kg	2,70	3,00
Hardplast	Kg	2,70	3,00
Ureint hageavfall / framande artar	Kg	2,70	3,00
Trevirke	kg	2,00	2,50
Mat-/våtorganisk avfall	kg	0	3,00
Papir til makulering	kg	6,50	Ikkje tilbode

Isopor	M3	50,-	50,-
Leige av hengar for transport av avfall	Pr gang	220,-	220,-

Merka sekkar for restavfall vert selt på miljøstasjonen, men ligg per no inne i prislista saman med abonnementsgebyra.

3. For miljøstasjonen på Grodås gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON GRODÅS	Eining	Pris 2023, kr	Pris 2024, kr
Personbil inntil 1m3:	Kr	125,00	130,-
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr	200,00	200,-
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr	400,00	400,-
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr	650,00	650,-

Levering av volum over 6 m3: berre etter avtale.

4. Generelle vilkår:

- Private kan levere farleg avfall i Hovden inntil 1000 kg pr år og PCB-haldige isolerglas, inntil 500 kg pr. år innanfor gebyret.
- For fleire av fraksjonane gjeld krav til kvalitet og dimensjonar, samt krav til emballering. Informasjon om dette vert gjort tilgjengeleg på heimesida til VØR saman med øvrige leveringsvilkår.

5. Styret ber administrasjonen til første styremøte i 2024 om å greie ut innføringa av ei betalingsteneste knytt til eigedomsopplysningar. Ordninga skal samkøyrast med tilsvarande tenester hos naboselskapa og eigarkommunane.

Saksutgreiing:

Styret fastset i denne saka vilkåra for avfall som vert levert ved miljøstasjonane i Hovden og på Grodås. VØR sine prisar gjeld dei private som leverer til anlegga. Næringsaktørar kan også levere til Hovden, og dei betaler til RSS for det dei leverer etter prisar som RSS fastset.

Dei gjeldande satsane og vilkåra finn ein i sin heilskap på heimesida til VØR:

<https://www.vor.no/miljoestasjonen.6146365-493178.html>

Det er på sikt eit ynskje om å forenkla betalingsordningane på begge miljøstasjonane. Ideelt sett ville det vere bra om alle fraksjonar unnateke restavfall var gratis, noko som ville stimulert til meir sortering. Det er likevel ikkje realistisk per i dag, fordi fleire av fraksjonane er kostbare for VØR å handtere vidare. Inndekking må i så fall skje gjennom auke i abonnementsgebyra, noko som per i dag ikkje er ansett som ynskjeleg.

Føreslegne endringar:

- Det er lagt til grunn ei generell endring i satsane i samsvar med den øvrige gebyrauken på 9,5%. Samstundes er det viktig å ha runde tal som kan forenkle betalingssituasjonen, og det er difor runda opp eller ned etter eit visst skjønn.
- I samband med tilsvarende sak for 2023, vart grensene for minstesatsane endra for Hovden. I denne saka vert vektgrensene foreslått fjerna, slik at minsteprisen er uavhengig av kva for nokon betalingsfraksjonar du har med.
- Satsane for restavfall er det viktig å auke på grunn av den store auken i forbrenningsskatt (CO2-avgift) som vert gjort frå årsskiftet.
- Matavfall vert innført som betalingsfraksjon igjen (gratis i 2023). dette er ein kostbra fraksjon å handtere, og vi ser at det kjem inn til dels store mengder i periodar m.a. av slakteavfall.
- Papir til makulering er teke ut som eigen fraksjon, då dette ikkje er ei teneste som VØR kan tilby lenger.
- Satsane på Grodås vert marginalt endra, sidan det vart gjort vesentlege endringar i 2023.

Administrasjonen er elles gjort kjent med at andre naboselskap har ei betalingsteneste overfor eigedomsmeklarar som etterspør informasjon. Slike forespørslar vert det handtert ein del av i dag, men no som ei gratisteneste. Tenestemottakarane har ei forventning om kort leveringstid, noko som tidvis set andre oppgåver til side. Det er naturleg å vurdere å ta betalt for ei slik teneste, på linje med det andre naboselskap og eigarkommunane gjer. Administrasjonen vil greie ut dette til neste styremøte.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar